

HB 8.S.32.6 (N)  
12.2021

# Plankrav – Utfordringar rus og/eller psykisk helse

## Krav om heilsakapleg planlegging

Målet med plankravet er å oppnå ei kunnskapsbasert tilnærming til behov og tiltak. I dette skjemaet skal kommunen vise at behovsoverslaget er basert på kunnskap om målgruppene. Alle relevante faktorar skal vere vurderte. Kommunen skal òg vise korleis dei gjennom heilsakapleg planlegging skal møte målgruppene sine framtidige behov for tenester og bustad. Det er spesielt viktig å skaffe til vegar eit differensiert butilbod og samstundes gi riktige tenester for personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse.

Meir utfyllande opplysningar finn de under «rettleiing til skjema plankrav» på side fem.

Kommune	
Dato	

## 1. Kunnskapsgrunnlaget

### RETTLEIING

Kommunen si kartlegging skal gi eit bilet av den noverande situasjonen. I tillegg skal ho seie noko om framtidige behov for alle personar med utfordringar knytt til rus, psykisk helse og samtidig rus og psykisk helse.

Kva for eit år er kunnskapsgrunnlaget frå?	
Informasjon om ev. plan(ar)	

## A. Demografi

I tabellen tek de med personar som mottek tenester. Ta gjerne med eventuelle personar de kjenner til med behov for tenester, men som av ulike årsaker ikkje har dette no. Fyll ut tal per i dag for personar med utfordringar knytt til:

Aldersgrupper	Rus	Rus og psykisk helse	Psykisk helse
Over 70 år			
60–69 år			
50–59 år			
40–49 år			
30–39 år			
24–29 år			
18–23 år			
Under 18 år			
Oppgi talet på personar i kommunen registrert som bustadlause			

## B. Interne rammevilkår

Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt)	Svar/kommentarar
Har kommunen bustadpolitiske føringer for målgruppa? <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har ein bustadpolitisk plan som dekker målgruppa.</li> <li>• Vi har ein overordna bustadpolitisk plan.</li> </ul>	
Nyttar kommunen BrukarPlan eller ei anna kartlegging for målgruppa?  BrukarPlan kartlegg rusproblem, psykiske helseproblem og livssituasjon.	

## C. Noverande bu- og tenestetilbod

Kommunen beskriv eksisterande bu- og tenestetilbod for målgruppa.

Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt)	Svar/kommentarar
Beskriv eksisterande butilbod for målgruppa.  Nemn talet på butilbod, type butilbod, tenestetilbod og plassering.  <ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 rehabiliteringsplassar (institusjonsplassar), m/tenestebase, sentrum.</li> <li>• 10 omsorgsbustader fordelt på to fellesskap, tek imot tenester frå heimesjukepleia, ordinært nabolog.</li> <li>• 15 personar i målgruppa har communal utleigebustad, tek imot ambulante tenester, 10 bustader er samlokaliserte i sentrumsområde, 5 bustader er samlokaliserte i ordinært bustadområde.</li> </ul>	
Har kommunen dagaktivitetssenter for målgruppa?  Nemn dei ulike tilboda.	

## 2. Behov for omsorgsplassar og tenester

### RETTEIING

Kunnskapsgrunnlaget seier noko om kor mange i denne målgruppa som totalt treng bustad- og tenestetilbod framover.

Opplysningar	Svar/kommentarar
Beskriv behovet for heildøgns omsorgsplassar for målgruppa dei neste 10 åra.  Omsorgsbustader er ofte langtidstilbod. Institusjonsplassar er ofte korttidsplassar som rehabilitering eller KAD/ØHD, men kan òg vere sjukeheimspllassar.	
Kva er behovet for dagaktivitetstilbod dei neste 10 åra?	

## 3. Arealbehov og lokalisering (tomteval)

### RETTEIING

Normalisering og integrering handlar om korleis alle, uavhengig av alder eller sosiale eller fysiske føresetnader, kan fungere saman i eit trygt og godt buminiljø. Kommunen må vurdere framtidige arealbehov og sette av nok eigna tomter for omsorgsbygg og andre butilbod.

Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar i kulepunkt)	Svar/kommentarar
Har kommunen sett av eigna areal til framtidige omsorgsbygg og ev. andre butilbod for målgruppa?  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er sett av areal til omsorgsbustader i arealplanen i kommunen / den inngår i rullering av arealplanen.</li> <li>• Reguleringsplan som inkluderer kommunale utleigebustader, er vedteken.</li> </ul>	
Har kommunen nok byggeklare tomter til omsorgsbygg?  (ferdigregulerte tomter eigd av kommunen)	
Korleis blir brukarmedverknad gjennomført i planleggingsprosessen?  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen involverer kommunale råd, brukarorganisasjonar og andre interessentar.</li> </ul>	

## 4. Samla vurdering av behov for omsorgsplassar og tenester RETTLEIING

Beskriv korleis kommunen planlegg å møte målgruppa sine bu- og tenestebehov no og dei neste 10 åra.

# Rettleiing til skjema plankrav

## Føremålet med plankrav ved søknad om investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar

«Stimulere til bedre og mer helhetlige, langsiktige behovsvurderinger før kommunene investerer i nye eller rehabiliterer de mest kostnadskrevende tilbudene.

Det legges ikke opp til at plankravet medfører behov for rullering eller endring av allerede vedtatte overordnede planer. Innholdet i plankravet vil være:

- beskrivelse av dagens bo- og tjenestetilbud
- utarbeide et kunnskapsgrunnlag basert på tilgjengelig statistikk
- beskrivelse av hvordan brukermedvirkning er ivaretatt
- beskrivelse av hvordan investeringer og drift er ivaretatt i økonomiplan og/eller årsbudsjett
- behovsvurderinger – helhetlig vurdering av overnevnte punkter

Mindre tiltak som først og fremst skal bidra til bedre kvalitet på eksisterende omsorgsplasser er frittatt fra plankravet, som fellesareal som kun er til bruk for beboerne i omsorgsbygget, opparbeiding av uteareal, for eksempel etablering av sansehage og rene utbedringer som installering av velferdsteknologi, sprinkleranlegg, heis med mере..»

Sitat frå Helse- og omsorgsdepartementet

## 1. Kunnskapsgrunnlaget

TILBAKE

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som omfattar heile målgruppa, må ligge til grunn for behovsvurderingane i søknad om investeringstilskot. Grunnlaget skal vere lagt fram og teke stilling til av dei folkevalde i samband med budsjettbehandling. Kunnskapsgrunnlaget skal gi eit bilet av

- den noverande situasjonen
- overordna oversikt over dei ulike bu- og tenestetilboda
- framtidige behov
- korleis kommunen sikrar eit variert butilbod

Informasjon om eventuelle planar kan til dømes vere at vurderinga er nedfelt i

- samfunnsdel
- helse- og omsorgsplan
- bustadpolitisk handlingsplan
- arealdelen i kommuneplanen og liknande

Politisk vedteken år x, det er planlagt rullering neste år med meir.

## Nasjonale føringar

I den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken (2021–2024) «Alle trenger et trygt hjem», er det eit mål at ingen skal vere bustadlaus og at regjeringa vil stimulere til eit større mangfold av butilbod til bustadlaus. Gjennom lån og tilskot til kommunane skal vi i større grad opne opp for forsøk av nye typar butilbod. Eit anna mål er at å leige skal vere eit trygt alternativ. For målgruppa er følgande punkt trekt fram:

- sørge for fleire eigna bustader
- større mangfold av bustad- og tenestetilbod
- gjere dei juridiske rammene for tenesteavtalar i buformer som ikkje er heimla som institusjon klarare.

Det blir vist til Folkehelseloven §5 og folkehelseoversikta som skal ligge føre i kommunane kvart fjerde år. I det vidare arbeidet med folkehelseoversikta og planstrategien, vil kommunen si kartlegging og kunnskap framover kunne bli brukt i samband med investeringstilskotet sine målgrupper.

Det blir òg vist til «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023».

## NIMBY

Eit grunnleggande prinsipp for busetting av vanskelegstilte er å tilby gode og eigna bustader i ordinære bumingjø. NIMBY(Not In My Back Yard) er eit uttrykk for nabolagsmotstand. Det oppstår som lokal motstand og negativ respons på endringar i eit nabolag. Nabolagsmotstand kan mellom anna bli utløyst av ei oppleving av utryggleik i nabolaget og ønsket om å verne eigedomsinteresser.

## 1. A Demografi

Befolkningsstatistikk finst for ulike område og er ofte eit resultat av kommunen sine eigne registreringar. Om kommunen nyttar BrukarPlan blir mellom anna «Innbyggjarar frå 16 år (kullet) som tek imot helse- og omsorgstenester frå kommunen, og som blir vurderte av fagperson i instansen til å vere avhengig av rus eller ha psykiske problem» kartlagt. Kommunen registrerer personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse. Dette gir eit bilete av talet på personar i målgruppa med behov for oppfølging.

NAV er ein statleg og kommunal etat som kjem i kontakt med personar med slike utfordringar. Det kan derfor vere føremålstenleg å samarbeide med NAV når kommunen skal lage eit kunnskapsgrunnlag for målgruppa. På denne måten får kommunen oversikt over talet på personar og kva for eit utfordringsbilete dei har.

## BrukarpPlan

I Opptrapplingsplanen for rusfeltet (2016–2020) blei BrukarPlan trekt fram som eit verktøy for å kartlegge omfanget og karakteren av rusmiddelbruk i kommunane. Kartlegginga kan omfatte brukarar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse og beskriv mellom anna tenestene som blir gitt, funksjonsnivået og livssituasjonen til den enkelte. BrukarPlan vil vere eit godt verktøy for å vurdere behov for bustader og tenester.

## 1.B. Interne rammevilkår

Lokale forhold som påverkar både kommunen si planlegging og eit enkelt prosjekt kan til dømes vere geografien i kommunane, plassering, tenestetilbod, det totale bustadtildet i kommunen og liknande. I tillegg kjem dei politiske føringane.

## 1.C. Noverande bu- og tenestetilbod

Kommunen beskriv det noverande bu- og tenestetilbodet for målgruppa. Her listast opp:

### Type butilbod

Omsorgsbustader, institusjonsplassar, kommunale utleiebustader og andre butilbod for den overordna målgruppa.

### Tenestetilbod

Kommunen treng ikkje beskrive tenestetilbodet inngåande, men nemne tenestene som blir gitt ved butilboden. Kommunen kan til dømes tilby heimebaserte tenester som blir gitt etter behov. Slike tenester kan bli gitt i private heimar, kommunale utleiebustader eller i omsorgsbustader. Omsorgsbustader organisert som bufellesskap kan ha personalbase som gir heimebaserte tenester, men her er personalet ofte til stades heile døgnet. Ambulante tenester blir òg gitt i private og kommunale bustader.

For institusjonsplassar (sjukeheim, helsehus, rehabilitering og liknande) inngår døgnbemannning.

### Plassering

Handlar om butilboden si plassering

## 2. Behov for bu- og tenestetilbod

[TILBAKE](#)

Kunnskapsgrunnlaget skal seie noko om kor mange i den aktuelle målgruppa som totalt treng bu- og tenestetilbod, og korleis kommunen kartlegg dette.

## 3. Arealbehov og lokalisering (tomteval)

[TILBAKE](#)

Kommunen viser korleis dei har vurdert framtidige arealbehov (behov for eigna tomter) i samband med omsorgsplassar og syner korleis dette er innarbeidd i arealplanane i kommunen. Det kan gjerne leggast ved utdrag frå arealplanen eller visast til kor ein kan finne planen.

God forankring av ulike prosjekt føreset at det er sett av tomter i ein langsiktig arealplan. Det er viktig at planar som gjeld denne målgruppa er lagt fram for brukarane og representantane deira (pårørande, råd og interesseorganisasjonar).

### Normalisering og integrering

Det er eit mål at målgruppa skal kunne bu i ordinære bustadområde, og i eit nærmiljø som er bra for den eller dei som skal bu der. Slik skal bebruarar kunne ta del i eit kvardagsliv utover det som går føre seg i sjølvé butilboden, ta i bruk offentlege rekreasjonsareal og bruke servicetilboda. Samlokalisering kan ha positive og negative effektar med tanke på normalisering og integrering.

Personar med utfordringar knytt til rus og personar med psykiske utfordringar vil ha ulike bu- og tenestebehov, og behova vil òg variere over tid. Kommunen bør vurdere tilboden av ulike lokaliseringar for desse målgruppene nøye. Dette er for å sørge for mest mogleg valfridom og for å treffen ulike behov. Det kan til dømes vere ueheldig å samlokalisere personar med utfordringar knytt til psykisk helse med personar som har rusmiddelavhengnad.

Omsorgsbustader skal ikkje ha institusjonsliknande preg. Dette blir påverka av plassering/tomteval, storleiken på prosjektet (talet på bueiningar) og tilkomstforhold med meir. Det finst fleire døme på ulike butilbod på blant anna husbanken.no

## 4. Samla behovsvurdering for omsorgsplassar og tenester

[TILBAKE](#)

Behovsvurderingane i kommunen bør både inkludere eit førebyggande og eit langsiktig perspektiv. For å kunne gjere ei behovsvurdering må kommunen ha kunnskap om eigen situasjon. Faktorar som får innverknad på kva kommunen kan tilby er: Økonomi, tenestepersonell, busettingsmønster, tilstand på bustader m.m. Ut frå ei heilsakpsvurdering prioriterer kommunen kva som skal etablerast for å møte behova til målgruppa.

Konkrete enkelttiltak må gjerne vere nemnt i den samla behovsvurderinga under dette punktet, men det er ikkje eit krav.

Eit eksempel på svar/kommentar er:

- «Kommunen har behov for 5 nye omsorgsbustader for personar med utfordringar knytt til psykisk helse. Omsorgsbustadene vil ha personalbase med heildøgns bemanning. Det blir òg planlagt for 15 omsorgsbustader (fordelt på tre ulike tomter/plasseringar) for personar med samtidig rus- og psykiske helseutfordringar. Dei vil ta imot tenester frå heimetenesta og ambulerande team. Byggestart for alle prosjekta blir dei planlagde neste 5–10 åra.»

I tillegg ser kommunen på moglegheita for å renovere til saman 40 leilegheiter og rekkehushus, i ulike nabolog og nokon i nærleik til sentrum, slik at dei får livslaupsstandard. Målet for kommunen er å tilby varierte butilbod for leige, slik at personar med rus og/eller psykiske lidinger har trygge buforhold og høve til å velje busituasjon. I dei kommunale bustadene vil det bli gitt ambulante tenester for personar som har behov for det. Kommunen skal òg etablere eit dagsenter for personar med ROP-lidinger. Dette ligg per no om lag fire år fram i tid.»

## 5. Redusert plankrav

Om skjema for plankrav ikkje er fylt ut tidlegare vil saksbehandlar i Husbanken følge opp redusert plankrav ved søknad om investeringstilskot. Dette gjeld følgande tiltak:

### Korttidsplassar for rehabilitering

Kommunen fyller ut dialogverktøy for den aktuelle målgruppa og det blir stilt spørsmål om noverande bu- og tenestetilbod jf. skjema plankrav kapittel 1. C, rad 1, side 2. Kommunen treng berre å fylle ut informasjon om tilboda som gjeld korttidsplassar.

### Dagaktivitetssenter

Kommunen fyller ut sjekkliste for dagaktivitetssenter og vil få spørsmål om kommunen planlegg å etablere dagaktivitetstilbod til målgruppa dei neste 10 åra jf. skjema for plankrav, punkt 2 (rad 2) side 3.